



FJELLNETTVERKET

Referat styringsgruppemøte Mat og opplevingar i fjellet

Dato: 22.08.23

Møtestad: Teams-møte

Tidspunkt: 10.00-11.30

Til stades:

Nina Glomsrud Saxrud, Statsforvaltaren Oslo og Viken

Anniken Fægri Damm-Larsen, Innovasjon Norge, Telemark og Vestfold

Grethe Lunde, Landbruks- og matdepartementet

Marit Nerol, Nerol Gard

Kari Randen, Fjellnettverket/prosjektansvarleg

Elin Halland Simensen, prosjektleiar og referent

Forfall:

Olav Røssum, styreleiar Fjellnettverket

Anne Skaug Nisi, Vestfold og Telemark fylkeskommune

Maren Solvang Johnsen, Sjøberg Gard

Kari Randen leia møtet.

SAKLISTE

A. INNKALLING OG REFERAT.....	3
SAK 8/23: INNKALLING OG SAKSLISTE.....	3
Vedtak sak 8/23:	3
SAK 9/23: GODKJENNING AV REFERAT	3
Vedtak sak 9/23:	3
B. ORIENTERINGSSAKAR.....	3
SAK 10/23: STATUSORIENTERING	3
Vedtak sak 10/23:.....	4



FJELLNETTVERKET

C. VEDTAKSSAKAR	4
SAK 11/23: UTKAST SØKNAD 3. PROSJEKTÅR	4
<i>Vedtak sak 11/23</i>	5
D. MØTEPLANAR	5
SAK 12/23 MØTEPLAN.....	5
<i>Vedtak sak 12/23</i>	5



A. INNKALLING OG REFERAT

SAK 8/23: INNKALLING OG SAKSLISTE

VEDTAK SAK 8/23:

Styringsgruppa godkjenner innkalling og saksliste.

SAK 9/23: GODKJENNING AV REFERAT

Referat frå møte 15.3.2023 vart lagt fram for styringsgruppa.

VEDTAK SAK 9/23:

Styringsgruppa godkjenner referat frå møtet 15.03.23.

B. ORIENTERINGSSAKAR

SAK 10/23: STATUSORIENTERING

I møtet vart det lagt fram ei oppsummering av andre prosjektår.

Andre prosjektår starta 1.4.2022 og vara fram til 1.5.2023. I løpet av prosjektperioden har det vore stor aktivitet i alle dei tre delprosjekta.

Delprosjekt Fjellkraft

Delprosjektet Fjellkraft har som mål å bidra til meir berekraftig bruk av fjellressursane som grunnlag for utvikling av fjellområda. Utgangspunkt for arbeidet var behovet for ein rapport som særleg såg på matproduksjon og reiseliv i fjellområda opp mot berekraft og klima. Det vart lyst ut ein anbodskonkurranse og NIBIO fekk jobben med å lage rapporten.

Rapporten «Mat og opplevingar i fjellet – Berekraftig bruk av ressursar i landbruk og reiseliv» vart lagt fram av NIBIO på Fjellkonferansen hausten 2022. For å formidle resultatata frå rapporten til eit større publikum vart gjennomført tre webinar om ulike tema frå rapporten.

Arbeidet med delprosjekt Fjellmat og fjelltur og delprosjekt Fjellheim byggjer på resultat frå rapporten.



Delprosjekt fjellmat og fjelltur

Sentralt i arbeidet med delprosjekt fjellmat og fjelltur er å leggje til rette for møteplassar for verksemdene, der produsentane frå fjellområda møter andre verksemdar frå fjellområda, politikarar, rådgjevarar frå fylkeskommunar, kommunar, statsforvaltaren, næringshagar forskings- og utviklingsmiljø og andre. På møteplassane utvekslar dei idear, løyser problem og får ny kunnskap. Det er dette som me i prosjektet har kalla for innovasjon gjennom lærande nettverk.

I løpet av prosjektperioden er det arrangert fleire seminar, webinar, nettverkssamlingar, krus og utviklingsverkstadar.

Delprosjekt Bondens bord

I løpet av prosjektperioden valt ut 12 gardsbruk som skal prøve ut den færøyske serveringsordninga «Heimablidni», der gardsbruk har opna kjøkenet og garden sin og tar imot besøkande for servering.

Målet med prosjektet er å teste ut om dette kan vere ei ordning som kan passe for gardsbruk i fjellområda og som bidrar til auka verdiskaping.

Undervegs i prosjektperioden har verksemdene deltatt på kurs for å auke kunnskapen sin om ulike tema (kurs i fotografering, bruk av sosiale medium, mattryggleik (HACCEP), serveringsløyve og skjenkeløyve (for dei dette er aktuelt for)).

Nofima / Kompetansenettverket for lokalmat bidrar med rådgjeving og hjelp til verksemdene undervegs i arbeidet. Arbeidet med prøveordninga gjennomførast i dialog med Mattilsynet.

VEDTAK SAK 10/23:

Prosjektleiari ferdigstiller rapporten for 2. prosjektår. Rapporten sendast styringsgruppa for godkjenning på e-post.

C. VEDTAKSSAKAR

SAK 11/23: UTKAST SØKNAD 3. PROSJEKTÅR

Utkast til søknad for tredje (siste) prosjektår vart lagt fram i møte.

I tredje prosjektår skal det arbeidast vidare med alle dei tre delprosjekta. Arbeidet dei to tidlegare prosjektåra har gitt nyttige erfaringar med aktivitetar og møteplassar som passar for deltakarane og gjev resultat.

I siste prosjektår skal det mellom anna arbeidast vidare med



FJELLNETTVERKET

- å ta i bruk og formidle kunnskapen frå rapporten «Mat og opplevingar i fjellet – Berekraftig bruk av lokale ressursar» i arbeidet med dei andre delprosjekta
- å legge til rette for møteplassar
 - o Webinar (4-6 webinar i løpet av siste prosjektår)
 - o Digitale nettverksmøte (kvar andre veke)
 - o Nettverkssamling
 - o Fjellkonferanse (samarbeid med Fjellnettverket)
- å gjennomføre prøveperiode Bondens bord
- å lage handbok med beskriving av framgangsmåte for å starte opp med «Bondens bord»
- å avklare klyngesamarbeid knytt til mat og reiseliv i fjellområda
- sluttrapport – lage samanstilling av erfaringar og resultat frå tre år med prosjekt mat og opplevingar i fjellet
- erfaringskonferanse - sluttkonferanse med presentasjon av resultat og erfaringar frå arbeidet med prosjektet

VEDTAK SAK 11/23

Styringsgruppa godkjenner utkast til søknad og gir prosjektleiar fullmakt til å ferdigstille søknaden og sende den til rette mottakarar.

D. MØTEPLANAR

SAK 12/23 MØTEPLAN

Dato	Tidspunkt	Stad	Møte
5.12.23	10.00-11.30	Teams	Styringsgruppemøte
10.4.24	10.00-11.30	Teams	Styringsgruppemøte
11.9.24	10.00-11.20	Teams	Styringsgruppemøte

VEDTAK SAK 12/23

Styringsgruppa godkjenner møteplanen.